

# Forsand kommune

Rådmannen sitt framlegg til

## Budsjett 2013

### Økonomiplan 2013 – 2016



30. oktober 2012

12/630-20

## Innhald

- Kommenterar..... side 1
- Økonomisk oversyn..... side 15
- Investeringar..... side 19
- Driftsbudsjett ..... side 21
- Kommenterar frå seksjonane..... side 23

# Kommentarar



# Framlegg til budsjett for 2013/økonomiplan 2013-16

## 1. Generelt

Med di ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2013.

Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging.

Budsjettet bygger elles på innhenta framlégg frå dei ymse sektorar, råd og styrer, samt tidl. økonomiplan for 2012-2015.

Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

## KOSTRA

Frå statleg hald er det frå 010101 lagt opp til eit nytt budsjettoppsett som er kalla KOSTRA. KOSTRA betyr: **K**Ommune **S**Tat **R**Appoteringssystem.

Bakgrunnen for innføring av dette systemet, er følgjande:

- betre informasjonsflytten mellom kommune – stat
- få samanlikningstal for dei einskilde kommunane
- betre oversyn over kommunen sine tenesteytingar og ressursbruk

## 2. Vedtak om skattelegging og budsjett.

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at skattdirektoratet har sett fristen for kommunestyret til å gjera vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2013 til 20.12.12.

## 3. Føresetnad for reell budsjettering

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle pårekna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil makte å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.

Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.

Dei kommunale seksjonane, utval og råd, deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

## 4. Økonomisk opplegg frå regjeringa

### Vekst i samla inntekter.

I kommuneproposisjonen for 2013, legg regjeringa opp til realvekst i kommunesektorens samla inntekter på mellom  $5 \frac{1}{4}$  og 6 milliardar kroner.

Realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter i 2013 er berekna til mellom  $4 \frac{3}{4}$  og 5 milliardar .

Dette tilsvarar ein realvekst i frie inntekter på om lag 1,7 %.

### Inntektssystemet

Rammetilskotet vert fordelt til kommunane gjennom inntektssystemet.

Då store delar av dei øyremerkta tilskota til barnehagar blei innlemma i rammetilskotet for kommunane i 2011, blei det laga ein eigen delkostnadsnøkkel for barnehage. Antal barn 1-2 år utan kontantstønad er i dag eit av kriteri i delkostnadsnøkkelen. Frå og med hausten 2012, vart kontantstønadsordninga endra, og det vert ikkje lenger gitt kontantstønad for to-åringane. Dette påverkar kriteri ved at antall barn i barnehagane får noko større vekt enn i dag, medan vekten på kontantstønadskriteriane går noko ned. Elles er det kun små endringar i kriteri for rammetilskotet for 2013.

## 5. Kommunen sin økonomi

Kommunen sin økonomi har blitt noko svekka i dei siste åra. Dette skuldast at utgiftene, med relativ gode lønsoppgjjer, vedlikehald av kommunale eigedomar og fleire tunge brukarar innan helse- og skulevesenet, har auka vesentleg medan skatteinntektene har ikkje hatt same utvikling. M.a. har eigedomsskatten på eksisterande kraftverk til dels stagnert på grunn av eit stortingsvedtak som seiar at når ein har kome til eit skattemessig tak, har kommunane ikkje anledning å ta ut meir eigedomsskatt frå objektet. Dette betyr at staten og eigarane av kraftverket får del i denne meirauken som kommunane skulle hatt. LVK arbeidar med saka og vil prøva å få endra dette stortingsvedtaket.

Regjeringa har tidlegare rådd til at maksimumsverdien pr. kWh vert auka med 11% i 2013. I dag er verdien på 2,47 kr/kWh

Kommunen har relativ høg lånegjeld i dag og planlegg fleire store investeringsprosjekt som skal lånefinansierast. Ei forventet auke i renteutgiftene vil føre til at den kommunale handlefridom vil bli vesentleg svekka. Rådmannen vil rå til at ein følgjer renteutviklinga nøye og vere budd på å nedbetale låna om det vert vesentleg auke i renta.

Nettodriftsbudsjetttrammene bygg på tidlegare vedteken økonomiplan 2012-2015 og er justert for løns- og prisauke på h.h.v. 4,5% og 1%.

For å oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda, er det nødvendig med ekstraordinære inntekter. I dag hentar kommunen ut 3. mill.kr. frå Forsand Elverk. Rådmannen har i budsjettframlegget for 2013, ikkje rådd til at kommunen stiller krav om ytterlegare utbytte no.

Eit eventuelt utbytte blir utbetalt i slutten av 2013.

Det framlagde driftsbudsjett er gjort opp med eit bruttodriftsresultat på kr 7.000.000,- i 2013.

Bruttodriftsresultatet kjem fram etter at skattar, rammetilskot (inkl. momsref.) og andre inntekstposter er inntektsført med kr 166.306.000,- og driftsutgiftene er utgiftsført med kr. 159.306.000,-.

Renter/avkastningar, avdrag, utbytte frå Elverket og avskrivningar er ikkje medtekne her.

Nettodriftsresultatet er i 2013 berekna til kr. 8.261.000,- eller 4,96 % i høve til driftsinntektene. Fylkesmannen har som mål 3% for kommunesektoren. Altså ligg ein over Fylkesmannen sitt mål.

Slik det ser ut i dag, vil kommunen i 2013 komme noko betre ut enn for 2012 når det gjeld frie inntekter. Ein får ein auke på ca. 2% i høve 2012-budsjettet når det gjeld skatt og rammetilskot (eigedomsskatt er ikkje med i desse tala). For 2013 er skatt på formue og inntekt, berekna til 43,1 mill.kr.(42.7 mill.kr. i 2012-budsjettet). Ein presiserar at desse prognosane er usikre.

Rammetilskotet for 2013 er i sett til 41.5 mill.kr. og det er ein auke på omlag 3.4 mill.kr. frå 2012. Desse prognosane er og usikre i og med at endelege tal for rammetilskotet 2013 blir fordelt i februar 2014 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortlaufande i 2013.

Eigedomsskatten er berekna for 2013-budsjettet til 44,1 mill. kr. som er ein auke på om lag 5.4 mill.kr. i høve 2012.

Rådmannen viser til tidlegare merknad om justering av tak for eigedomsskatt på verk og bruk.

Moms-kompensasjon er for 2013 berekna til 8. mill. kr. Frå og med 2010 blei denne refusjonen overført med 20% til investeringsbudsjettet og vidare med ytterlegare 20% dei resterande åra til heile momskompensasjonen er ført på investeringsbudsjettet. Desse midlane gjekk som inntekt til driftsbudsjettet, men skal no først i investeringsbudsjettet.

Kommunale tenester/avgifter som ikkje er regulert på annan måte, er auka med 3,5%. Jmfr. særskilt vedtak om justering av avgiftene.

## Kommunen sin lånegjeld

Renter og avdrag på løypande lån utgjør i 2013 h.h.v. kr. 3.454.000,- og kr. 4.340.000 -, til saman kr. 7.794.000,-. I desse beløp ligg kapitalkostnader til næringsbygg/infrastruktur som skal dekkast av kraftfondet, jfr. tidl. vedtak i kommunestyret. Av nye lån som er planlagt tatt opp i 2013-2016 kan ein nemna ny prestebustad og omsorgs- og avlastningsbustader, plan for avløp. Pr 31.12.13 vil lånegjelda utgjere om lag 108. mill.kr. (inkl. startlån på om lag 20. mill. kr).

Renteinntekter, avkastning og eigarutbytte (El-verket) er berekna til kr. 9.055.000,- i 2013.

Det er rekna med å ta opp nye lån i 2013 for inntil 9,8. mill.kr. Dette gjeld rehabilitering/ny prestebustad, hovudplan avløp, avlastnings- servicebustad/helsepark. I tillegg kan det være aktuelt å ta opp eit startlån (formidlingslån) frå husbanken.

## 6. Nybygg og anlegg.

Totalt er det rekna med ei investeringsramme på kr. 30.320.000,- i 2013. I økonomiplanperioden 2013-16, er det rekna å investera kr. 77.390.000,-.

Investeringane i 2013 er vist på eige investeringsbudsjett (økonomiplanen) og er tenkt finansiert slik:

|                                       |                     |
|---------------------------------------|---------------------|
| Lån. ....                             | 9.800.000,-         |
| Eigenkapital av årets drift .....     | 2.550.000,-         |
| Statleg tilskot .....                 | 1.156.000,-         |
| Kraftfond .....                       | 1.350.000,-         |
| Kapitalfond .....                     | 4.344.000,-         |
| <u>Disposisjonsfond/ub.fond .....</u> | <u>11.120.000,-</u> |
| ,-                                    |                     |
| <u>Samla investering .....</u>        | <u>30.320.000,-</u> |

## 7. Driftsbudsjettet

I sitt budsjetrundskriv av juni d.å. og usikkerheiten på inntektssida, ba Rådmannen seksjonane redusere sine justerte (pris- og lønsauke) budsjetttrammer med 3% for 2013.

Formannskapet, med tillegg til repr. frå Frp og Leiarforum hadde eit sammøte om budsjettet for 2013 i møte den 4.09.2012, der politikarane blei presentert budsjettarbeidet til då. Politikarane ynskja at administrasjonen fekk eit nettodriftsresultat på minst 3%. Dette har vore utgangspunktet for det vidare budsjettarbeidet.

Det økonomiske opplegget i statsbudsjettet, samt auke i eigedomsskatten, førte til at den økonomiske situasjonen blei noko betre for kommunen, Rådmannen har difor justert seksjonane sine budsjettrammar, slik at nettodriftsbudsjettet på kvar seksjon i hovudsak bygg på tidlegare rammer justert for løns- og prisauke og evt. nye tiltak/politiske innspel i løpet av 2012.

Ein vil i det vidare gå igjennom dei største endringar/justeringar i driftsbudsjettet og tiltak som krev særskilt vedtak.

Seksjonsleiarane har i hovudsak halde seg innanfor dei nettodriftsrammar som vart gitt.

Rådmannen viser elles til seksjonsleiarane sine budsjettkommentarar i eige vedlegg, der det er kommentert ynskja tiltak som ikkje er tatt med i budsjettframlegget frå rådmannen.

### A. Forsand Sokneråd

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja, skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegarder, kyrkjekontor. For 2013 er tilskotet på 2.344.000,-.

### B. Revisjon/kontroll

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet, er det ført opp eit samla budsjett på kr. 726.000,- inkl. m.v.a. for kontroll og tilsyn i 2013.

### C. Rådmannskontoret

Ordførargodtgjersla er ført opp tilsvarande heil stilling og vert løna i samsvar med 85% av stortingsrepresentantane si løn. Jmfr. k.sak. nr.46/11.

Det skal være ein forvaltningsrevisjon om anskaffelser og anbod i 2012/13. Her vil ein gå gjennom innkjøps- og anbodpraksis i kommunen. Konklusjonen kan nok ble at dette området må styrkast.

Vidare vil ein m.a. utvikle områda e-faktura ved innkjøp.

### C. Seksjon for Kultur

For å halda seg innanfor tildelt nto.driftsramme, hadde kulturseksjonen måtte kutta kr. 111.000,- i tilskot til lag og organisasjonar. Rådmannen har imidlertid lagt inn kr. 100.000,- ekstra, slik at tilskota til lag og organisasjonane vert omlag på same nivå i 2013 som for 2012.

Det er ført opp midlar til handlingsplan for unge, jmf. tidl. vedtak i kommunestyret.

Kulturleiar har i sine kommentarar peikt på ein del andre aktuelle tiltak innan kulturseksjonen som det ikkje pr. i dag finns midlar til. Jmfr. vedlagte kommentarar.

### E. Seksjon for Helse- og sosial

Helse og Sosialseksjonen har i sine budsjettkommentarar vist til ny lov om helse- og omsorgstenester, der det m.a. heiter at... *departementet kan pålegge samarbeid mellom kommunernår det anses påkrevd for en forsvarlig løsning av oppgaver innen kommunens helse- og omsorgstjeneste, herunder gi bestemmelser om hvilke oppgaver det skal samarbeides om og fordeling av utgifter...* I denne samanheng meiner seksjonen at kommunen bør ta opp spørsmålet om utgiftsfordeling av den gjeldande legevaksavtalen mellom Strand og Forsand.

I dag betaler kommunen 40% av utgiftene, medan om lag 5% som kontaktar legevakta kjem frå Forsand kommune. Rådmannen er samd i at ein ber Strand kommune om nye tingingar om fordeling av utgiftene. Seksjonen har redusert utgiftene til legevaksamarbeidet med kr. 600.000,- i påvente av ny avtale. Rådmannen finn ikkje å kunne redusere utgiftene før det ligg føre ein ny avtale og har difor lagt inn igjen midlane i budsjettet.

Avtalen med Strand om 50% jordmortenesta vert avvikla og som erstatning vil ein då kjøpa 20% jordmorteneste frå sentralsjukehuset i Stavanger.

Frå august 2012 måtte seksjonen utvida med ei 80% stilling ved avlastningsbustad. Dette har samanheng med ei krevjande familiær omsorgssituasjon. For 2012 prøver ein å dekke meirkostnaden over budsjettet, men for 2013 er denne ressursen lagt inn som tillegg i budsjettet. Dette er ein ressurs som er knyta til klient, og kan takast bort når situasjonen vert endra. Rådmannen har fullmakt til slik mellombels tilsetjing.

Kommunestyret vedtok i møte 13.12.2011 – sak 82/11 – å vurdere ny finansieringsavtale med Avanti Ryfylke A/S i samband med budsjettet for 2013. Rådmannen har lagt til grunn ny finansieringsavtale og lagt inn totalt kr. 300.000,- i budsjettet for 2013.

I helse- og sosialseksjonen sitt framlegg tilbudssett, er det føreslått ein auke på 20% for leiar for ATO(alternativ opplæring)/avlastningsbustad, med dekning 10% over helse- og sosialbudsjettet og 10% over skulen sitt budsjett. Rådmannen har trekt ut denne ekstraressursen, samstundes som ein ber seksjonane vurdere å tilføre denne ressursen ved opprioritering av dagens personalressursar.

Det vert vidare vist til usikkerheit når det gjeld utgifter til barnevern. Det er vanskeleg å budsjettere eksakte beløp til slike tiltak og seksjonen har ikkje lagt opp til nye tiltak.

Rådmannen viser elles til budsjettkommentarane frå Leiar av Helse og sosialseksjonen.

#### **F. Seksjon for Barnehage**

Barnehagen hadde i sitt budsjettframlegg redusert bruk av vikarar med kr. 100.000,-, samt redusert inventar og utstyr med kr. 100.000,-. Vidare tatt bort kurs for tilsette med kr. 100.000,-.

Leiar for barnehageseksjonen, har i sine budsjettkommentarar opplyst at vikarutgiftene er i det knappaste laget og det hadde vore behov for å auka ramma med kr.100.000,-. Vidare at det er behov for fornying av inventar og utstyr utover ramma med kr. 50.000,-.

Det vert vidare opplyst frå styrar, at barnehagen vil ta imot eit barn som vil krevja ekstra personalressursar.

Rådmannen har auka barnehagen sine budsjetttrammer med kr. 434.000,- for å dekke personal- og vikarressursar m.v.

#### **G. Seksjon for Skule**

I sine budsjettkommentarar, viser leiar for skuleseksjonen ynskja tillegg utover den tildelte budsjetttrammen på nærare 2.mill.kr. jmf. leiar for skuleseksjonen sine kommentarar. Rådmannen har lagt inn auka personalressursar på kr. 600.000,- tilsvarande 100% stilling i ATO p.g.a. auka klientar. Det var ynskje om 140% auke av fagarbeidar og i tillegg 10% auka ressurs til leiaren for ATO. Seksjonen får prioritere innan dei ressursane som er tilgjengeleg. Utover dette har Rådmannen ikkje lagt inn ekstramidlar i skulebudsjettet.

#### **H. Seksjon for Pleie- og omsorg**

Leiar for PLO har i sitt budsjettframlegg for 2013 ikkje lagt opp til nye stillingar eller andre ekstraordinære tiltak ved seksjonen. Tvert imot er det redusert mykje i kursmidlane for å finansiera ein 33% sjukepleiarstilling som skal ha fagutvikling/undervisning av personellet. Frå leiar er det eit ynskje om å utvida stillinga som ergoterapeut til 100%. Dette ville bety ein meirkostnad på kr. 288.000,-. Rådmannen har ikkje tatt denne utvidinga med i budsjettet, men har justert opp vikarbudsjettet med kr. 235.000,- for seksjonen..

Viser elles til seksjonsleiar sine budsjettkommentarar m.a. om samhandlingsreforma.

#### **I. Seksjon for drift**

Teknisk leiar viser til at framlagde budsjett for 2013 er stramt over heile linja, og i tillegg har ein måtte redusera midlar til vedlikehald både innan bygningsmassen og dei kommunale vegane.

Jmfr. kommentarar frå teknisk leiar.

## 8. Investeringsbudsjettet

Det er gjort framlegg om å investera for kr. 30.320.000,- i 2013 og kr. 77.390.000,- samla i perioden fram til 2016.

Rådmannen viser elles til kommentarar og aktuelle nye prosjekt som er ynskja av seksjonane, men ikkje er tatt med av rådmannen. T.d., investeringar i brannmateriell (RIBbåt), skogstiar, opprusting av veg til skytebane, ymse tiltak i skulen m.m.

Nedanfor viser ein kva tiltak som er tatt med i budsjett /økonomiplan 2013-2016:

- Berbare datamaskiner til elevar i ungdomsskulen er vidareført i planperioden.
- Naudstrømsanlegg er som i tidl. øk.plan ført opp i 2013.
- Det er ført opp midlar til tiltak i Lysebotn for heile økonomiplanperioden. Ein del av desse midlane skal gå til opprusting og vedlikehald av kapellet, jmf. tidl. kommunestyrevedtak. Då ein del av midlane er øyremerkte vedlikehald (driftsmidlar) blir beløpet rekneskapsmessig overført driftsbudsjettet, men framleis dekket av fondsmidlar.
- I budsjettet for 2012, var det ført opp midlar til gateadresser/skilting. Dette arbeidet er er no igang og midlane er overført til 2013.
- Midlar til ballbinge for Forsand sentrum, var avsett i 2012. Av ymse årsaker har plasseringsalternativet tatt noko tid. Det er no vedtatt at ballbingen skal byggjast i Ryggjaskaret og det er ført opp midlar i 2013.
- Det var avsett midlar til naudsynt utbetring av avlaup i Myra industriområde i 2012. Dette har ikkje blitt utført 2012 p.g.a. forsinka planarbeid. Midlane er overført til 2013.
- Det var sett av midlar til sykkelsti skulen/Rettedal i 2012, men blir ikkje ferdig før 2013. Midlane er difor overført til 2013.
- Naudsynte nye tiltak på Kulturhuset, t.d. brannsikring, er i samsvar med økonomiplanen ført opp med 1.5 mill.kr. i 2013.
- Det er i.h.t. økonomiplanen ført opp midlar til reinseanlegg på Øyren i 2013. Ved utbygging av planlagt bustadfelt, hotell og leiligheiter i Forsand sentrum, vil kapasiteten bli for liten. Dette må sjåast i samanheng med planlagt hovudplan for avlaup i kommunen og det er gjort framlegg frå teknisk seksjon om midlar i heile økonomiplanperioden på til saman 18. mill.kr. Ein vil komma attende med ei politisk sak om hovudplan for avlaup.
- Det er i samsvar med økonomiplanen ført opp midlar til oppdatering av Geodata i 2013-14. Samt vidareført midlar for 2015-16.
- Vidare er det i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til parkeringsplassar i Bergekleiva i 2013. Teknisk seksjon hadde gjort framlegg om ein tilleggsleivde ytterlegare kr. 400.000,- til parkeringsplassane. Rådmannen har ikkje tatt med meir enn det som står i økonomiplanen.

- I 2014 er det ført opp midlar til nytt låssystem i kommunehuset. Dette er i samsvar med økonomiplanen.
- I samsvar med økonomiplan, er det ført opp midlar til rehabilitering av garderobane ved kulturhuset i 2013.
- I 2013 er det i samsvar med økonomiplanen, ført opp midlar til sentrumsutvikling på Øyren.
- Det var ført opp kr. midlar for å gjere Tørrejuvet meir tilgjengeleg i 2012. Dette arbeidet er blitt utsett. Midlane frå 2012 er overført til 2013.
- I samsvar med økonomiplanen, er det ført opp midlar til sti Bergekleiva-Bergevik i 2014.
- Teknisk seksjon har behov for lagerplass til sand m.v. og det er i samsvar med økonomiplanen ført opp midlar til lagerbygg i 2013.
- Stengekranane i kommunale vasskummer, må utskiftast og det er avsett midlar i planperioden.
- Prestebustaden er i dårleg stand og det er ført opp midlar til ny i 2013. Jmfr. tidl. kommunestyrevedtak.
- I 2015 er det i samsvar med økonomiplanen, avsett 3,5 mill.kr. i oppgradering vedlikehald kommunale bygg.
- Bergebakkane er no under opparbeiding og det er avsett tilskotsmidlar frå fond i 2013. I samband med utbygging av bustadfeltet, er det ført opp midlar til busslomme langs fylkesvegen. Jmfr. tidl. kommunestyrevedtak – sak 20/12.
- Det var ført opp midlar til innkjøp av PC til politikarane i 2012. Desse midlane vert overført til 2013 ifall ein ikkje får kjøpt PC'ane inn i år.
- I økonomiplanen er det ført opp tilbygg til kyrkja i 2015 på 3. mill.kr. Kyrkjekontoret har kome med nye kalkylar som syner 1. mill.kr. i meirkostnad. Det er difor ført opp 4. mill.kr. i 2015.
- Det er avsett 1,2 mill.kr. til EDB-maskiner, programvare m.v. Det er same beløp som i 2012.
- Som tidlegare nemnt, held teknisk seksjon på med ein hovudplan for avlaup til ein totalkostnad på 18. mill.kr. i planperioden. Dette er ein sak ein kjem attende til politisk.
- I samband med trafikksikringstiltak i Myra Industriområde er det avsett midlar i 2013-15.
- Det er vidare ført opp midlar i 2014 til trafikksikring i innkjøringa ved Forsand skule.
- I samsvar med framlegg frå teknisk seksjon er det ført opp midlar til vassforsyning i Oanes-Levikområdet.
- I samsvar med kommunestyret sitt vedtak om kunstgrasbane i tilknytning til Forsand skule, er det ført opp tilskotsmidlar og kjøp av grunn.
- Formannskapet har tidlegare hatt føre søknad om oppsett av gatelys frå fylkesvegen til ridebanen. Formannskapet vedtok at ein skulle sjå tiltaket i samband med budsjettbehandlinga. Rådmannen har ført opp midlar i 2016.

- Etter pålegg frå mattilsynet, må kommunen reingjera høgdebassenga, samt byggja radonavskillar ved vassverka Vassryggen og Meling. Rådmannen har avsett midlar i 2013 til slike tiltak.
- Teknisk seksjon hadde bedt om opplegg til permanent straumforsyning ved kaien i Myra Industriområde i 2013. Rådmannen har ført opp midlar til dette til 2016.
- Teknisk seksjon har vidare gjort framlegg om at det vert avsett midlar til autovern på Vinddalsvegen i 2013. Rådmannen har ført opp midlar i 2016.
- Det var gjort framlegg om midlar til nytt gulvbelegg på legesenteret i 2013. Rådmannen har ført opp midlar i 2014.
- Teknisk seksjon har gjort framlegg om energimerking av kommunale bygg, digitalisering av teikningar, tekniske romnr. alle rom og forstudie SD-anlegg i 2013-15. Rådmannen har ført opp midlar i 2015-16.
- Det er gjort framlegg om å skifte ut lysarmaturar og varmeovner i kommunehuset i 2013. Rådmannen har ført opp midlar i 2015.
- Teknisk seksjon har føreslått minitraktor til kulturhuset i 2013. Rådmannen har tatt denne ut av budsjettet.
- Administrasjonen har i ei tid arbeidd med ein heilhetleg plan for kommunal bygningsmasse på kort og lang sikt, herunder omsorgsbustadar. Ein reknar med at planen blir behandla politisk i løpet av våren 2013. Det er sett av 3. mill.kr i 2013 og 12. mill.kr. i 2014.
- Stolheisa ein nyttar i svømmebassenget må fornyast og det er avsett midlar i 2013.
- Det var gjort framlegg om ombygging og oppgradering av utstyr i Mulen, Kulturhuset og utskifting av membranduk i utjevningssbasseng i 2015. Rådmannen har sett av midlar i 2016.
- Teknisk seksjon har gjort framlegg om utskifting av vannrøyr i Samfunnshuset. Rådmannen har stroke dette inntil ein veit kva ein skal gjera med Samfunnshuset på Byrkjeland.
- Det er gjort framlegg om lydtetting av rom og utskifting av vindu på Forsand skule. Rådmannen har ført opp midlar i 2013 til lydtetting av rom og utskifting av vindu i 2015 -16. Det er vidare gjort framlegg om ein del andreinvesteringsobjekt innan skuleseksjonen, t.d. utviding av klasserom, nye kontor, sceneteippe m.m. Rådmannen har ikkje tatt med desse ynskja i budsjettframlegget.
- Det er frå brannsjefen, gjort framlegg om ny brannbil og RIBbåt. Rådmannen har ført opp midlar til brannbil i 2014, men stroke båten.
- Leiar for kulturseksjonen, har i sine budsjettkommentarar, vist til søknad frå Forsand Jeger og Fiskeforening, Espedalen skyttarlag og grunneigar om oppsett av ferist og asfaltering av veg mot Kvelven, og vidare framlegg om turstiar m.m. Rådmannen har ikkje tatt med tiltaka i budsjettframlegget.

## Målstyring

Forsand kommune har ikkje hatt noko eksakt punkt om målstyring i tidlegare budsjett. Dette vart m.a. kommentert i Kommunal Rapport tidlegare. Dette er eit område ein vil prioritere i samband med eit leiarutviklingsprogram i løpet av 2013.

Døme på målstyring kan vere:

- mål om 3% nettodriftsresultat i rekneskapen
- %-vis utvikling av folketallet.
- sakshandsamingstid
- sjukefråvære
- etablering av nys bustadar
- utlån av bøker på biblioteket
- reduksjon av mobbing skulen
- resultat nasjonale prøver
- brukarundersøkingar
- antal behandla pasientar ved legekantoret m.m.

Nokon av punkta har ein allereie i dag som mål, t.d. sjukefråvære på 5%, folketalsvekst på 1% årleg.

Barnehagen har vurdert ein del punkt som kan vere aktuelle for dei, t.d. rekruttering av menn i barnehagen.

Skuleseksjonen har m.a. peikt på reduksjon av mobbing og betring av resultat på nasjonale prøvar vil vere aktuelle mål for skulen.

Som nemnt, bør målstyring vere eit prioritert område i dei framtidige budsjett og årsmeldingar.

## 10. Forvaltning av midlar

Kommunen sine midlar i pengemarknaden, utgjer i dag om lag 100. mill. kr i marknadsværdi. Også 2013 har ein vert eit turbulent år innan kapitalmarknaden.

Det har ikkje vore aktuelt å realisera midlane med tap då kommunen har ein langsiktig strategi for pengeplassering. Ein følgjer marknaden nøye og det kan vere aktuelt å realisere midlar om rentene vert auka og nytte desse til investering. I dag sitt ein att med større utbytte enn ein ville hatt ved ordinær renteplassering.

## 10. Skattar og avsetningar m.m.

Det er budsjettert med kr.43.119.000,- i skatt på formue og inntekt for 2013. Dette er ein auke på om lag 0,4 mill kr. i høve budsjettet for 2012. Etter Rådmannen sin vurdering er desse prognosane svært usikre og ein må nøye vurdere skatteinntektene gjennom budsjettåret 2013.

Eigedomsskatten er sett til 44,1. mill.kr. i 2013. Dette er om lag 5,3 mill.kr. meir enn i 2012. Rådmannen viser her til tidlegare merknad om eigedomsskatten.

Konsesjonsavgifta på om lag 9. mill.kr. årleg, blir avsett til kraftfondet.

## Budsjett og skattelegging for 2013

Med bakgrunn i kommentarane og budsjettframlegget rår rådmannen formannskapet gjera slik

### TILRÅDING TIL VEDTAK:

- 1. Forsand kommune sitt budsjett for 2013, vert godkjent slik det ligg føre.**
- 2. Skatt for 2012 vert å skrive ut med høgaste tillete prosentsats på inntekt og 10‰ på formue.**
- 3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr kr. 1.000,- av skatteverdet.**

Forsand rådmannskontor, 30. oktober 2012

Terje Nysted  
-rådmann-

## **Økonomisk oversyn**

## Økonomisk oversikt drift 2013

| Rådmannen sitt forslag 270812                      | Regnskap 2011  | Budsjett 2012  | Budsjett 2013  |
|--|----------------|----------------|----------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                             |                |                |                |
| Brukerbetalinger                                   | 4 365          | 4 056          | 4 545          |
| Andre salgs- og leieinntekter                      | 7 512          | 6 092          | 6 707          |
| Overføringer med krav til motytelse                | 15 621         | 14 162         | 14 782         |
| Rammetilskudd                                      | 35 060         | 38 085         | 41 525         |
| Andre statlige overføringer                        | 3 360          | 1 767          | 2 194          |
| Andre overføringer                                 | 1 603          | 251            | 200            |
| Skatt på inntekt og formue                         | 40 248         | 42 676         | 43 119         |
| Eiendomsskatt                                      | 36 824         | 38 766         | 44 134         |
| Andre direkte og indirekte skatter                 | 9 108          | 9 125          | 9 100          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                         | <b>153 701</b> | <b>154 980</b> | <b>166 306</b> |
| <b>Driftsutgifter</b>                              |                |                |                |
| Lønnsutgifter                                      | 79 853         | 81 574         | 86 841         |
| Sosiale utgifter                                   | 19 889         | 26 270         | 27 174         |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon     | 24 993         | 28 624         | 28 575         |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon      | 14 153         | 13 678         | 14 037         |
| Overføringer                                       | 12 882         | 7 148          | 7 220          |
| Avskrivninger                                      | 9 181          | -              | -              |
| Fordelte utgifter                                  | -3 261         | -4 143         | -4 541         |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                          | <b>157 689</b> | <b>153 151</b> | <b>159 306</b> |
| Brutto driftsresultat                              | -3 988         | 1 829          | 7 000          |
| <b>Finansinntekter</b>                             |                |                |                |
| Renteinntekter og utbytte                          | 6 500          | 7 650          | 7 900          |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 166            | 1 115          | 1 115          |
| Mottatte avdrag på utlån                           | 80             | 40             | 40             |
| <b>Sum eksterne finansinntekter</b>                | <b>6 746</b>   | <b>8 805</b>   | <b>9 055</b>   |
| <b>Finansutgifter</b>                              |                |                |                |
| Renteutgifter og låneomkostninger                  | 3 671          | 4 097          | 3 454          |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)     | 18 322         | -              | -              |
| Avdrag på lån                                      | 4 358          | 3 720          | 4 250          |
| Utlån  | 76             | 60             | 90             |
| <b>Sum eksterne finansutgifter</b>                 | <b>26 427</b>  | <b>7 877</b>   | <b>7 794</b>   |
| <b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>       | <b>-19 681</b> | <b>928</b>     | <b>1 261</b>   |
| Motpost avskrivninger                              | 9 181          | -              | -              |
| <b>Netto driftsresultat</b>                        | <b>-14 488</b> | <b>2 757</b>   | <b>8 261</b>   |
| <b>Interne finanstransaksjoner</b>                 |                |                |                |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk      | 4 526          | -              | -              |
| Bruk av disposisjonsfond                           | 19 210         | 95             | 116            |
| Bruk av bundne fond                                | 1 199          | -              | 168            |
| Bruk av likviditetsreserve                         | -              | -              | -              |
| <b>Sum bruk av avsetninger</b>                     | <b>24 935</b>  | <b>95</b>      | <b>284</b>     |
| Overført til investeringsregnskapet                | 2 585          | 2 050          | 2 550          |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk      | -              | -              | -              |
| Avsatt til disposisjonsfond                        | 5 252          | -              | 5 351          |
| Avsatt til bundne fond                             | 903            | 802            | 644            |
| Avsatt til likviditetsreserven                     | -              | -              | -              |
| <b>Sum avsetninger</b>                             | <b>8 740</b>   | <b>2 852</b>   | <b>8 545</b>   |
| <b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>           | <b>1 707</b>   | <b>-</b>       | <b>-</b>       |

| <b>BUDSJETTOVERSYN DRIFTSDEL 2013-2016</b> |                |                |                |                |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>Sektor</b>                              | <b>2013</b>    | <b>2014</b>    | <b>2015</b>    | <b>2016</b>    |
| Sentraladm                                 | 17 574         | 17 574         | 17 574         | 17 574         |
| Kultur                                     | 3 750          | 3 750          | 3 750          | 3 750          |
| Helse- og sosial                           | 26 791         | 26 791         | 26 791         | 26 791         |
| Barnehage                                  | 10 516         | 10 516         | 10 516         | 10 516         |
| Skule                                      | 25 117         | 25 117         | 25 117         | 25 117         |
| PLO  | 23 754         | 23 754         | 23 754         | 23 754         |
| Teknisk                                    | 21 427         | 21 427         | 21 427         | 21 427         |
| <b>Sum nettorammer</b>                     | <b>128 929</b> | <b>128 929</b> | <b>128 929</b> | <b>128 929</b> |
| Skatt                                      | 43 119         | 43 119         | 43 119         | 43 119         |
| Eigedomsskatt                              | 44 134         | 44 134         | 44 134         | 44 134         |
| Konsesjon                                  | 9 100          | 9 125          | 9 125          | 9 125          |
| Rammetilskot                               | 41 525         | 41 656         | 41 760         | 41 769         |
| Driftsinntekter                            | 28 428         | 28 428         | 28 428         | 28 428         |
| Sum driftsinntekter                        | 166 306        | 166 462        | 166 566        | 166 575        |
| Sum driftsutgifter                         | (159 306)      | (159 306)      | (159 306)      | (159 306)      |
| <b>Brutto driftsresultat</b>               | <b>7 000</b>   | <b>7 156</b>   | <b>7 260</b>   | <b>7 269</b>   |
| Renteutgifter oa finansutg                 | (3 454)        | (4 810)        | (5 445)        | (5 985)        |
| Utlån                                      | (90)           | (90)           | (90)           | (90)           |
| Renteinntekter                             | 6 015          | 6 015          | 6 015          | 6 015          |
| Motatte avdrag på utlån                    | 40             | 40             | 40             | 40             |
| Utbytte Elverk                             | 3 000          | 3 000          | 3 000          | 3 000          |
| <b>Netto renter/utbytte</b>                | <b>5 511</b>   | <b>4 155</b>   | <b>3 520</b>   | <b>2 980</b>   |
| Adrag på lån                               | (4 250)        | (4 668)        | (5 000)        | (3 000)        |
| <b>Netto finansposter</b>                  | <b>1 261</b>   | <b>(513)</b>   | <b>(1 480)</b> | <b>(20)</b>    |
| <b>Netto driftsresultat</b>                | <b>8 261</b>   | <b>6 643</b>   | <b>5 780</b>   | <b>7 249</b>   |
| Frå drift til investering                  | (2 550)        |                |                |                |
| Avsetning                                  | (5 995)        |                |                |                |
| Bruk av avsetning                          | 284            |                |                |                |
| <b>Regnsk mer-/mindreforbruk</b>           | <b>-</b>       |                |                |                |

**BUDSJETTOVERSYN INVESTERING 2013-2016**

|                               | 2013          | 2014          | 2015          | 2016          |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| <b>Sum finansieringsbehov</b> | <b>30 320</b> | <b>23 420</b> | <b>15 900</b> | <b>10 250</b> |
| <b>Finansiert slik:</b>       |               |               |               |               |
| Bruk av lån                   | 9 800         | 20 200        | 13 500        | 3 000         |
| Egenkapital av årets drift    | 2 550         | 320           | 1 800         | 1 550         |
| Statlig tilskudd              | 1 156         | 600           |               |               |
| Bruk av avsetning             | 16 814        | 2 300         | 600           | 5 700         |
| <b>Sum finansiering</b>       | <b>30 320</b> | <b>23 420</b> | <b>15 900</b> | <b>10 250</b> |
| <b>Bruk av avsetning:</b>     |               |               |               |               |
| Kraftfond                     | 1 350         | 500           | -             | -             |
| Kapitalfond                   | 4 344         | -             | -             | -             |
| Vegfond                       | -             | -             | -             | 4 500         |
| Disp fond                     | 11 120        | 1 800         | 600           | 1 200         |
| <b>Sum</b>                    | <b>16 814</b> | <b>2 300</b>  | <b>600</b>    | <b>5 700</b>  |
| Lån pr 0101                   | 108 293       | 112 713       | 127 395       | 135 045       |
| Nye lån                       | 9 500         | 20 200        | 13 500        | 3 000         |
| Avdrag drift                  | 4 250         | 4 668         | 5 000         | 5 275         |
| Avdrag investering            | 830           | 850           | 850           | 850           |
| Renter                        | 3 450         | 4 810         | 5 445         | 5 985         |

Rådmannen sitt forslag 270812

## **Investeringar**

| PROS | PROSJEKTETS NAVN   | SUM<br>INVEST<br>(2013-2016) | 2013          | 2014          | 2015          | 2016          | FINANSIERING             |
|------|--|------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------------------|
| BPC  | Bærbær PC til elever   | 1 000                        | 250           | 250           | 250           | 250           | Disp.fond                |
| A4   | Nødstrømsaggregat  | 520                          | 520           |               |               |               | Disp.fond                |
| ADR  | Gateadresser   | 500                          | 500           |               |               |               | Disp.fond                |
| A6   | Ballbinge  | 700                          | 700           |               |               |               | Frå drift/tilskot 200    |
| .19  | Avslup, nødvendig utbering jnt regelverk   | 400                          | 400           |               |               |               | Disp.fond                |
| SYK  | Sykkelsti skulen/Rettedal  | 2 000                        | 2 000         |               |               |               | Kapf/statlig tilskot 956 |
| KUL  | Tiltak kulturhus - brannsikring/sprinkling   | 1 500                        | 1 500         |               |               |               | Kapitalfond              |
| RØY  | Renseanlegg Øyren  | 1 500                        | 1 500         |               |               |               | Kapitalfond              |
| GD   | Geovkst oppdatering  | 800                          | 200           | 200           | 200           | 200           | Disp.fond                |
| BPP  | Bergekleiva parkeringsplass  | 200                          | 200           |               |               |               | Disp.fond                |
| LÅS  | Kommunehus - nytt låsesystem   | 200                          |               | 200           |               |               | Disp.fond                |
| GAR  | Kulturhus - garderobbar symjehall  | 300                          | 300           |               |               |               | Kapitalfond              |
| ØSU  | Øyren sentrumsutvikling  | 500                          | 500           |               |               |               | Kapitalfond              |
| TJU  | Tønejuvet  | 350                          | 350           |               |               |               | Kraftfond                |
| STI  | Sti Bergekleiva - Bergevik   | 500                          |               | 500           |               |               | Kraftfond                |
| LT1  | Lagerplass teknisk - garasje traktor, lager til strøsand, salt ol.                                       | 250                          | 250           |               |               |               | Frå drift                |
| SVK  | Stengekraner i vasskummar  | 450                          | 150           | 150           | 150           |               | Disp.fond                |
| KB2  | Oppgrad/rehabilitering kommunale bygg  | 3 500                        |               |               | 3 500         |               | Lån                      |
| BB2  | Bergebakkane   | 5 000                        | 5 000         |               |               |               | Disp.fond                |
| PPC  | PC poliitkarar   | 150                          | 150           |               |               |               | Disp.fond                |
| KYR  | Kyrkja ombygging   | 4 000                        |               |               | 4 000         |               | Disp/lån                 |
| P11  | Prestebolig  |                              | 2300          |               |               |               | Lån                      |
| 4    | EDB maskinar, programvare  |                              | 1 200         |               |               |               | Frå drift                |
| HVA  | Hovudplan avløp  | 14 000                       | 4 500         | 4 500         | 4 000         | 1 000         | Lån                      |
| M01  | Veg, fortau, rasvoll (trafikksikring) Myra   | 5 500                        |               |               | 1 000         | 4 500         | Frå drift                |
| M02  | Avløpsnett ned myra  | 2 500                        |               | 2 500         |               |               | Lån                      |
| STS  | Trafikksikring skule (60% reduksjon)   | 1 000                        |               | 1 000         |               |               | Disp.fond                |
| V52  | Ny vassforsyning Oanes - Levikområde   | 5 200                        |               | 1 200         | 2 000         | 2 000         | Lån                      |
| KGB  | Ny kunstgrasbane bidrag frå kommunen i nettbølp  | 2 800                        | 2 800         |               |               |               | Disp.fond                |
| V53  | Vassverk, reingjøring av alle høgdebasseng   | 300                          | 300           |               |               |               | Frå drift                |
| V54  | Vassverk radonavskillarar ved vassryggen og meling   | 950                          | 950           |               |               |               | Frå drift                |
| M03  | Myra kai, permanent strømforsyning   | 200                          |               |               |               | 200           | Frå drift                |
| AUV  | Autovern Vinødalen   | 600                          |               |               |               | 600           | Frå drift                |
| LNG  | Legesenteret, nytt golvbelegg (HMS)  | 120                          |               | 120           |               |               | Frå drift                |
| ENM  | Energimerking bygg (lovpålagt) digitalisering tegninger, tekniske romnr, alle rom og forstudie SD-anlegg | 550                          |               |               | 200           | 350           | Frå drift                |
| KGB  | kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner   | 400                          |               |               | 400           |               | Frå drift                |
| HP   | Barneavlasting/servicebustad/heisepark   | 15000                        | 3000          | 12000         |               |               | Lån                      |
| ELS  | Symjehall, elektrisk stolheis  | 100                          | 100           |               |               |               | Frå drift                |
| MUL  | Kulturhus, mulen ombygging og oppgradering av utstyr   | 750                          |               |               |               | 750           | Disp.fond                |
| SUV  | Skulen utskifting vindu  | 600                          |               | 200           | 200           | 200           | Frå drift                |
| K13  | Kulturhuset, membran/duk i utfjevningsbaseng   | 200                          |               |               |               | 200           | Frå drift                |
| SLR  | Forsand skule, lydtefetting av rom   | 200                          | 200           |               |               |               | Frå drift                |
| BRB  | Bil brannvesenet   | 600                          |               | 600           |               |               | Disp.fond                |
| BB3  | Busslomme Bergebakkane   | 500                          | 500           |               |               |               | Kraftfond                |
|      | <b>SUM INVESTERINGAR</b>   | <b>76 350</b>                | <b>30 320</b> | <b>23 420</b> | <b>15 900</b> | <b>10 250</b> |                          |

**Driftsbudsjett**



## 1 Forsand kommune (2013) - År/Periode 2013 1 - 12

30.10.2012

|   | <b>Forslag pr 27<br/>2013/V:23</b> | <b>Buds(end)<br/>2012</b> | <b>Regnskap<br/>2011</b> |
|---|------------------------------------|---------------------------|--------------------------|
| <b>Grp. Ansvar: 800 SENTALADM.</b>            |                                    |                           |                          |
| 105 ORGANISASJONSSJEF                         | 5.441                              | 5.360                     | 5.022                    |
| 110 POLITISK SEKRETÆR                         | 3.594                              | 3.512                     | 2.884                    |
| 140 PERSONAL                                  | 3.365                              | 3.255                     | 2.735                    |
| 150 ØKONOMI                                   | 2.793                              | 2.700                     | 2.340                    |
| 195 LEIAR SERVICETORGET                       | 2.381                              | 2.355                     | 2.101                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 800 SENTALADM.</b>        | <b>17.574</b>                      | <b>17.182</b>             | <b>15.081</b>            |
| <b>Grp. Ansvar: 801 KULTUR</b>                |                                    |                           |                          |
| 210 KULTUR                                    | 1.997                              | 1.814                     | 1.589                    |
| 211 AKTIVITETSSENTER                          | 543                                | 543                       | 570                      |
| 213 KAFE MULEN                                | 273                                | 283                       | 238                      |
| 214 BIBLIOTEKET                               | 937                                | 902                       | 778                      |
| <b>Sum grp. Ansvar: 801 KULTUR</b>            | <b>3.750</b>                       | <b>3.542</b>              | <b>3.176</b>             |
| <b>Grp. Ansvar: 802 HELSE-&amp;SOSIAL</b>     |                                    |                           |                          |
| 220 SOSIAKONTOR                               | 2.748                              | 2.866                     | 2.090                    |
| 221 LEGETENESTE                               | 2.530                              | 2.030                     | 1.990                    |
| 222 HELSESTASJON                              | 967                                | 1.105                     | 888                      |
| 223 PSYKISK HELSEVERN                         | 1.535                              | 1.671                     | 1.429                    |
| 224 SOSIALTENESTE                             | 1.477                              | 1.305                     | 1.302                    |
| 225 BARNEVERN                                 | 5.119                              | 5.316                     | 5.122                    |
| 226 Omsorgsbustad                             | 4.214                              | 3.153                     | 2.881                    |
| 227 Avdeling funksjonshemma                   | 8.201                              | 7.889                     | 7.604                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 802 HELSE-&amp;SOSIAL</b> | <b>26.791</b>                      | <b>25.335</b>             | <b>23.306</b>            |
| <b>Grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE</b>             |                                    |                           |                          |
| 230 BARNEHAGE                                 | 10.516                             | 9.900                     | 9.215                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 803 BARNEHAGE</b>         | <b>10.516</b>                      | <b>9.900</b>              | <b>9.215</b>             |
| <b>Grp. Ansvar: 804 SKULE</b>                 |                                    |                           |                          |
| 240 SKULE                                     | 20.311                             | 19.451                    | 18.830                   |
| 241 ATO                                       | 3.149                              | 2.856                     | 2.062                    |
| 242 Kulturskule                               | 1.657                              | 1.445                     | 1.343                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 804 SKULE</b>             | <b>25.117</b>                      | <b>23.752</b>             | <b>22.234</b>            |
| <b>Grp. Ansvar: 805 PLO</b>                   |                                    |                           |                          |
| 270 PLEIE OG OMSORGSEKSJONEN                  | 3.468                              | 3.643                     | 2.137                    |
| 271 Gruppe 1 PLO                              | 14.630                             | 13.641                    | 12.616                   |
| 272 Gruppe2 PLO                               | 5.656                              | 5.416                     | 5.478                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 805 PLO</b>               | <b>23.754</b>                      | <b>22.700</b>             | <b>20.230</b>            |
| <b>Grp. Ansvar: 806 TEKNISK</b>               |                                    |                           |                          |
| 300 TEKNISK SJEF                              | 2.297                              | 1.239                     | 831                      |
| 310 PLANAVDELING                              | 1.857                              | 1.890                     | 1.442                    |
| 311 BYGGESAK                                  | 407                                | 503                       | 107                      |
| 312 JORDBRUK                                  | 1.241                              | 1.206                     | 1.170                    |
| 313 OPPMÅLING OG KALKING                      | 5.482                              | 449                       | 304                      |
| 330 EIGEDOMSFORVALTER                         | 0                                  | 12.088                    | 11.293                   |
| 331 KOMMUNALTEKNISK                           | 10.143                             | 4.065                     | 3.481                    |
| <b>Sum grp. Ansvar: 806 TEKNISK</b>           | <b>21.427</b>                      | <b>21.440</b>             | <b>18.628</b>            |
| <b>TOTALT</b>                                 | <b>128.929</b>                     | <b>123.851</b>            | <b>111.871</b>           |

**Kommentarar frå seksjonane m.v.**



## Kontrollutvalet i Forsand

 Arkivkode: E: 151  
 Saksnr. : 200800090

## Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2013

| Ansvar 1 - Teneste 1002        | Vedtatt kst<br>bud. 2013 | Budsjett<br>2013 | Budsjett<br>2012 | Regnskap<br>2011 |
|--------------------------------|--------------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Budsjettforslag 2011</b>    |                          |                  |                  |                  |
| Godtgjersle politikarar mm.    |                          | 60 000           | 57 000           | 10 516           |
| Tapt arbeidsforteneste         |                          | 21 000           |                  | 3 200            |
| Arbeidsgjevaravgift            |                          | 8 500            | 8 000            | 1 934            |
| Kurs og oppl ring              |                          | 15 200           | 15 000           | 2 550            |
| Reiseutgifter mm.              |                          | 10 700           | 10 600           | 1 095            |
| Kontingentar                   |                          | 1 200            | 1 000            | 1 100            |
| Kj p konsulenttenester m.m.    |                          | 40 900           | 40 000           | 6 000            |
| Andre utgifter kontrollutvalet | 0                        | 157 500          | 131 600          | 26 395           |
| Kontrollutvalssekretariatet    |                          | 99 000           | 96 000           | 76 000           |
| Kj p tenester fr  revisjonen   |                          | 347 500          | 354 000          | 321 726          |
| Mva                            | 0                        | 122 000          | 123 000          | 104 931          |
| <b>Budsjettramme</b>           | <b>0</b>                 | <b>726 000</b>   | <b>704 600</b>   | <b>529 052</b>   |
| Budsjettauke i %               |                          | 3,0 %            |                  |                  |

|                                       | Vedtatt kst<br>bud. 2013 | Budsjett<br>2013 | Budsjett<br>2012 | Regnskap<br>2011 |
|---------------------------------------|--------------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Fr  oversikta til revisjonen</b>   |                          |                  |                  |                  |
| Regnskapsrevisjon, attestasjonar mm.  |                          | 243 250          | 266 625          | 232 050          |
| Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll |                          | 104 250          | 87 750           | 90 350           |
| <b>Sum kj p revisjonstenester</b>     |                          | <b>347 500</b>   | <b>354 375</b>   | <b>322 400</b>   |



Kommunehuset  
4110 FORSAND  
Tlf: 51700170

Faks:

kyrkjekontoret@forsand.kommune.no

Økonomileiar Forsand kommune

Forsand 21.08.2012

Vår sakshandsamar: Siv Fossan

Vår ref.: 12/00024-002

Arkivkode: 11

### **Innlevering av budsjettramme for 2013, og økonomiplan 2013-2016 - Forsand sokn**

#### **Budsjett 2013**

Har tatt utgangspunkt i ramma frå i fjor.

Med tillegg på løns og prisstigning slik det står i budsjetttrunskrivet blir ramma kr. **2.416.158**. 3% reduksjon av denne blir 72.485, noko som gjer at ramma blir på kr. **2.343.673**.

2344

#### **Økonomiplan 2013-2016**

Ber om at rammetilskot blir vidareført i perioden i same størrelse som for 2013.

Til investeringbudsjettet ber me om vidareføring av midla til utbygging av kyrkja – 3 mill i 2015. Ber òg om 1,7 mill. i 2016. Bygget er kalkulert til ca 5 mill + mva. og me håpar kommunen kan bli med på ei større del av finansieringa. Grunngeving for investering av tilbygg til kyrkja blei innlevert i fjor. Treng de noko ut over dette, er det bare å ta kontakt.

Ber om at 50.000 i året til vedlikehald av Lyse kapell blir vidareført slik kommunestyret tidligare har gjort vedtak om.

Venleg helsing

Siv Fossan

Kyrkjeverge



# Forsand kommune

Servicetorget

Saksbeh  
Nancy Kjærvoll

Ref.  
12/630-4

Arkivkode  
/K1-150

Dato:  
26.08.2012

## Budsjett 2013 - servicetorget

Rammer jfr rådmannen sitt rundskriv:

Løn og driftsutgifter i 2012 justert med vedtekne proSENTSATSAR;

|                             |   |  |
|-----------------------------|---|--|
| Løn : 1.727,- auka med 4,5% | = | kr. 1.804.715,-                                    |
| Driftsutg. 655.000,- x 1%   | = | <u>kr. 661.550,-</u>                               |
|                             | = | kr. 2.466.265,-                                    |
| - Inntekter justert med 1%  | = | <u>kr. 27.270,-</u>                                |
| <b>Ramme for 2013</b>       | = | kr. 2.438.995,- avrunda til <b>kr. 2.439.000,-</b> |

(Dersom ein skulle redusere ramma med 3% ville dette gi ei ramme på 2.366.000,- )

**Nettobudsjett for servicetorget = kr. 2.381.000**

**1010 Lønn:** Bygg på tal frå aug.2012

### 1026 Vikar

Vikar blir nytta for at vi alltid skal vera 2 på jobb. Som i 2012.

**1100 Kontorrekvisita:** Som i 2012 då beløpet blei halvert..

### 1129 Div. varekjøp

Her blei det inneverande føreteke ei 3 års leasingkontrakt av ny kaffimaskin til dei tilsette. Leige ca kr. 13.000,-og forbruk høgare enn forventa, ca kr. 20.000,- pr. år.

**1130 Telefonutgifter** Som i 2012. Vi betaler drift av sentralbord med linjer.

**1271 Juridisk bistand;** Dette er eit prosjekt som blei starta opp i 2011. Utgiftene blir dekkja av statlege midlar. Utgifter i 2011 ca. 38.000, . Ein forventar det same nivå i år og i 2013. (ikkje er endeleg avklara om prosjektet skal fortsette i 2013).

**1559 Avsetning andre bundne fond:** 40.000,- i statstilskot til "prosjektet med juridisk bistand".

Nancy Kjærvoll  
leiar servicetorg/arkivleiar

## Sentral IT 1206 - Drift 2013

| Art                                 | Budsjett 2013    | Balanse 24.8.2012            | Budsjett 2012    | Rekneskap 2011   | Rekneskap 2010   |
|-------------------------------------|------------------|------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| 1115 Matvarar                       |                  |                              |                  | 100              |                  |
| 1120 Div. driftsutgifter            | 80 000           | 43 464                       | 105 000          | 239 544          | 55 017           |
| 1122 Materieell, vedlikehald utstyr | 150 000          | 45 803                       | 210 000          | 30 068           | 36 553           |
| 1127 Tenester utført av teknisk     |                  |                              |                  |                  | 2 755            |
| 1130 Telefon                        | 8 000            | 4 840                        |                  | 7 209            | 2 823            |
| 1132 Linjeleige                     | 150 000 *        | 114 825                      | 150 000          | 91 675           | 103 850          |
| 1150 Kursutgift                     | 10 000           |                              |                  | 1 329            |                  |
| 1170 Transport                      |                  |                              |                  | 456              |                  |
| 1186 Forsikring                     | 10 000           | 10 339                       |                  |                  |                  |
| 1196 Lisens, vedlikehald*           | 1 076 000        | 929 452                      | 1 020 000        | 723 085          | 617 391          |
| 1199 Kontingentar                   |                  |                              |                  | 2 700            |                  |
| 1239 Fordel bruk av maskin          |                  |                              |                  |                  | 760              |
| 1370 Kjøp frå andre*                | 1 266 000        | 728 517                      | 1 200 000        | 998 674          | 848 032          |
| 1429 MVA                            |                  | 464 815                      |                  | 521 592          | 422 671          |
| 1502 Renteutgift                    |                  | 986                          |                  | 281              |                  |
| 1651 Div. salsinntekter             |                  |                              |                  |                  | -5 634           |
|                                     |                  | <i>*Auka ramme 1196/1370</i> |                  |                  |                  |
| <b>Totalt</b>                       | <b>2 950 000</b> | <b>2 343 041</b>             | <b>2 685 000</b> | <b>2 616 713</b> | <b>2 084 218</b> |
| Resultat                            |                  |                              |                  | -86 713          | 215 782          |
| Budsjett                            |                  |                              |                  | 2 530 000        | 2 300 000        |

Kommentar: Kommunen gjennomfører i 2012 ein systemoppgradering til Win 2008R2/ Windows 7 og Office 2010. Oppgraderinga er basert på leige av programvare og får konsekvensar for tilpassing av Acos WebSak. Dette fører til auka kostnad på lisensar og arbeid. Resultatet vert ei underdekning på driftsbudsjettet for 2012 på omlag 300 000. Stram utskiftingsrate på maskinpark og streng vurdering av nye installasjonar over investeringsbudsjett gjer likevel at Sentral IT i sum kjem ut i balanse for 2012, men fører til etterslep og auka behov på investeringsbudsjett i 2013 i forhold til 2012. Ny, og stram driftsavtale IT frå 2011 har samtidig ført til auka i arbeid som ikkje er omfatta av avtalen, til dømes oppgradering, nye installasjonar etc. Sentral IT ber om at budsjetttramme for investering 2012 vert vidareført og at ramme for drift 2013 vert auka med 200 000.

## Sentral IT 1206 - Investeringar 2013

| Art                     | Budsjett 2013    | Balanse 24.8.2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011   | Rekneskap 2010   |
|-------------------------|------------------|-------------------|---------------|------------------|------------------|
| 3202 EDB-maskinar       | 1 420 000        | 419 628           | 1 450 000     | 1 104 462        | 1 251 571        |
| 3249 MVA                |                  | 57 837            | 0             | 269 927          | 308 518          |
| 3770 Refusjon frå andre |                  | -41 666           | 0             |                  |                  |
| 3940 Disposisjonsfond   |                  | 0                 | -250 000      | -273 973         | -1 560 089       |
| 3971 Frå drift          |                  | 0                 | -1 200 000    | -1 100 417       |                  |
| Bærbare elev-Pcar*      |                  | 250 000           |               |                  |                  |
| Utsifting/lager*        |                  | 400 000           |               |                  |                  |
| Buffer drift            |                  | 364 201           |               |                  |                  |
| <b>Totalt</b>           | <b>1 420 000</b> | <b>1 450 000</b>  | <b>0</b>      | <b>1 374 389</b> | <b>1 560 089</b> |
| Resultat                |                  |                   |               | 75 611           | 39 911           |
| Budsjett                |                  |                   | 1 450 000     | 1 450 000        | 1 600 000        |

\* Planlagt periodisk utskifting/ vedlikehald 2012 - ikkje innkjøpt pr. 24.8.2012

Kommentar: Sentral IT har gjennom 2012 hevda ein stram utskiftingsrate på maskinpark og ført ein streng vurdering av nye installasjonar med bakgrunn i venta auka kostnader i samband med oppgradering til Win 2008R2/ Windows 7 og Office 2010. Eit minimum av investeringar i utsett periodisk utskifting må likevel påreknast i 2012, men gjev og ein buffer mot underdekning på driftsbudsjett for 2012.

## Investeringsiltak 2013

| Utstyr, programvare, installasjon inkl. arbeid    | Kostnad          | Seksjon | Kommentar  |
|---|------------------|---------|--|
| 1. Utskifting maskinvare                          | 360 000          |         | Basert på historikk og stram utskiftingsrate i 2012 <sup>1</sup> |
| 2. Terminalserverar                               | 120 000          |         | Årleg skifte - vedlikehald av serverpark                         |
| 3. UPS, nødstraum                                 | 80 000           |         | Kommunehus og Forsandheimen                                      |
| 4. Filserver                                      | 120 000          |         | Periodisk utskifting, kritisk server for WebSak                  |
| 5. RIA-server                                     | 60 000           |         | Utskifting, kritisk server, vert vurdert fortløypande            |
| 6. Fornyng serverpark                             | 120 000          |         | Utskifting, vert vurdert fortløypande                            |
| 7. Installering og oppgradering - nye system      | 280 000          |         | Basert på historikk - ad hoc installeringar <sup>1</sup>         |
| 8. WinMed - Legesenteret - ny server              | 60 000           |         | Migrering til ny server  |
| 9. Helsenett - Helsesyster                        | 40 000           |         | Helsesysterfunksjonen vert styrka med tilgong Helsenett          |
| 10. Trådløst nettverk - autentisering av brukarar | 180 000          |         | Sikkerheitsbrist i eksisterande ope nettverk <sup>2</sup>        |
|   | 1 420 000        |         |  |
| <b>Sum</b>  | <b>1 420 000</b> |         |  |

<sup>1</sup> Stram utskiftingsrate på maskinpark og streng vurdering av nye installasjonar gjennom 2012, samt systemppgradering til Win 2008R2/ Windows 7 og Office 2010 fører til eit visst etterslep og auka behov for utskifting av arbeidsstasjonar og skrivarar i 2013. Skulen har meldt auka behov for 2013 på grunn av alder på bærbarare einingar.

<sup>2</sup> Fleire uønska hendingar aktualiserar behovet for autentisering for pålogging trådløst nettverk, både for publikum og elevar



# Forsand kommune

Seksjon kultur

**Saksbeh**  
Eva Landre Meling

**Ref.**  
12/630-6

**Arkivkode**  
/K1-150

**Dato:**  
27.08.2012

## Budsjettnotat 2013 – Kultur

Netto driftsramme er kr 3.671.000, ein auke på kr 129.000 i høve til 2012 som skal dekke ordinær drift inkl. løns- og prisauke.

Konsekvensar ved å innfri netto driftsramme etter reduksjon 3%, kr 111.000 fører til at me må kutte i

1. tilskot til lag og organisasjonar, dvs. at kommunale reglement for ulike tilskotsordningar må kuttast ev. utgå (tilsvarande i 2003 då fleire tilskot blei avvikla)
2. alternativt legge ned deler eller heile kulturtenester.

Fleire tiltak skulle vore prioritert framover, desse krev då friske midlar. Dersom auka ressurstilgong:

### **Teneste: 3601 FRILUFTSOMRÅDE**

#### **Behov: Prosjekt asfaltering og ferist i 2013 – kr 175.000.**

Frå Forsand Jeger og Fiskeforening, Espedalen skyttarlag og grunneigar er det mottatt søknad om oppsett av ferist og asfaltering av veg opp mot Kvelven. Dei ser føre seg ei deling mellom søkjarane og kommunen. Kostnadskalkyle kr 350.000, forslag om kommunal andel 50% blir omlag kr 175.000.

#### **Behov: Prosjekt over tre år, 2013-2014-2015 med årleg avsett kr 100 000**

Midlane skal nyttast til

- Rydding og merking av turstiar, min. kvart 2.år.
- Oppsett av nye do etter ei årleg rangering der bade plass er prioritert
- Tilrettelegging for ferdsel med kajakk/kano, sykkel, hestestiar
- Kvilebenkar plassert ute i naturen
- Årleg vedlikehald av friluftsområda
- Universell utforming på ein del prioriterte tiltak

Prosjekta er i samsvar med satsing på friluftsliv og førebygging av folkehelse, samt trygga destinasjonane for turfolk. Målet er å leggja til rette for styrt ferdsel og gode naturopplevingar for alle. Vil her få løfta infrastrukturen, skilt, infotavler, løypenett og arbeid ute i terrenget. Eit godt planleggingsverktøy for å sikra eit attraktivt nettverk av varierte stiar i vår kommune.

Å ha avsett egne midlar er ein føresetnad dersom me skal kunna søkja ulike tilskot utanfrå. Forsand blei i inneverande år ein Frisk i Friluftskommune. Det er utarbeida ein handlingsplan med fleire prioriterte satsingsområde.

Skal friluftsliv prioriterast i åra framover bør ein ha ei full gjennomgang med utgreiing av nye turstiar sentralt, universell utforming, ridestiar m.m. Føreslår at det blir sett ned ein politisk komitte som utgreier ein heilskapsplan for utvikling av dette tenesteområdet, jfr. Kultur sitt framlegg i årsmøte 2012.

### **Teneste: 3750 MUSEUMSTENESTER**

Det er i dag ingen politisk vedteke prioritering innan friluftslivspolitikken. Mange gode tiltak er gjort over fleire år med å tilrettelegga naturen for bruk med opparbeidde turstiar, skilting m.m.. Kommunen treng føreseielege økonomiske vilkår som samsvare med ev. satsing og førebygging av folkehelse, samt trygga destinasjonane for turfolk. Målet er å leggja til rette for styrt ferdsel og gode naturopplevingar for alle. Vil her få løfta infrastrukturen, skilt, infotavler, løypenett og arbeid ute i terrenget. Eit godt planleggingsverktøy for å sikra eit attraktivt nettverk av varierte stiar i vår kommune. Midlar bør nyttast til rydding og merking av turstiar, min. kvart 2.år., oppsett av nye toalett etter ei årleg rangering der badeplass er prioritert, leggja til rette for ferdsel med kajakk/kano, sykkel, hestestiar, kvilebenkar plassert ute i naturen, ha fokus på årleg vedlikehald av friluftsområda. Universell utforming på ein del prioriterte tiltak

Å ha avsett eigne midlar er ein føresetnad dersom me skal kunna søkja ulike tilskot utanfrå. Forsand blei i inneverande år ein Frisk i Friluftskommune. Blei då utarbeida ein handlingsplan med fleire prioriterte satsingsområde.

Skal friluftsliv prioriterast i åra framover bør ein ha ei full gjennomgang med utgreiing av nye turstiar sentralt, universell utforming m.m. Føreslår at det blir sett ned ein politisk komitte som utgreier ein heilskapsplan for utvikling av dette tenestområdet, jfr. Kultur sitt framlegg i årsmøte 2012.

**Teneste: 3750 MUSEUMSTENESTER**

**Behov: Prosjekt i 2013 - kr 100.000 fordelt på ulike museumstiltak kr 50.000 og opprustingstiltak i Sjøhuset i Bergevik kr 50.000.**

I budsjettbehandlinga 2012 blei det vedtatt at Ryfylkemuseet får eit årleg tilskot på kr 20.000. Forsand kommune blei i 2004 konsolidert til Ryfylkemuseet. Lokale museumstiltak som formidling, utstilling, samarbeidsprosjekt krev også ei eigenfinansiering innføre kr 50.000.

Sjøhuset i Bergevik treng opprusting av det byggetekniske samt mindre tiltak innomhus, minimum stipulert til kr 50.000. I bruksavtale inngått i 1995 har kommunen bruksrett til sjøhuset i førti år, denne legg til grunn ei plikt om vedlikehald.

**Teneste: 2310 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE**

**Behov: Auke i stilling frå 30 – 50 %, prioritert i 2013, kr 90.000**

Stillingen som fritidskontakt for barn og unge er i dag ein 30% stilling. Stillinga er det siste året også blitt tillagt rolla som SLT koordinator, då ein ser at dette er oppgåver som er tett knytt saman.

30% stillingsressurs er for lite for å drive fritidsklubb og andre kulturelle aktivitetar for barn- og ungdom samt drive eit aktivt SLT arbeid, førebygging av rus og kriminalitet.

Rolla som SLT koordinator inneberer mellom anna månadlege møte i den regionale gruppa, å vera kontinuerleg oppdatert på kva som skjer lokalt og nasjonalt, samarbeid på tvers med dei andre seksjonane, mot politi osv. Arbeidet bør også munne ut i konkrete tiltak som Fritidskontakten bør ha stillingsressurs til å kunne gjennomføre.

- Er mottatt kr 20.000 frå KRÅD øyremerka kompetanseheving. Midlane blir nytta til opne fagdagar med informasjon for tilsette og frivillige. Ser at ei bygd på vår størrelse har potensiale i høve til å kunne bli betre og at det er muleg å kunne utnytte lokale ressursar i samarbeid med det offentlege på ein betre måte. Lokale frivillige organisasjonar har alt sett på dagsorden spørsmål om koss motivere og rekruttere unge til å sosialisere og engasjere innan frivillig arbeid når dei lever mykje av sitt sosiale liv gjennom internett/facebook/mobil osv....?
- Er utarbeidd ein Handlingsplan for SLT arbeidet med 10 prioriterte førebyggjande tiltak som skal gjennomførast her lokalt i perioden 2012 tom 2013.

**Behov: Prosjekt i 2013 - kr 100.000 fordelt på ulike museumstiltak kr 50.000 og opprustingstiltak i Sjøhuset i Bergevik kr 50.000.**

I budsjettbehandlingen 2012 blei det vedtatt at Ryfylkemuseet får eit årleg tilskot på kr 20.000. Forsand kommune blei i 2004 konsolidert til Ryfylkemuseet. Lokale museumstiltak som formidling, utstilling, samarbeidsprosjekt krev ei eigenfinansiering innføre kr 50.000.

Sjøhuset i Bergevik treng opprusting av det byggtkniske samt mindre tiltak innomhus, minimum stipulert til kr 50.000. I bruksavtale inngått i 1995 har kommunen bruksrett til sjøhuset i førti år, denne legg til grunn ei plikt om vedlikehald.

**Teneste: 2310 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE**

**Behov: Auke i stilling frå 30 – 50 %, prioritert i 2013, kr 90.000**

Stillingen som fritidskontakt for barn og unge er i dag ein 30% stilling. Stillinga er det siste året også blitt tilfagt rolla som SLT koordinator, då ein ser at dette er oppgåver som er tett knytt saman.

30% stillingsressurs er for lite for å drive fritidsklubb og andre kulturelle aktivitetar for barn- og ungdom samt drive eit aktivt SLT arbeid, førebygging av rus og kriminalitet.

Rolla som SLT koordinator inneberer mellom anna månadlege møte i den regionale gruppa, å vera kontinuerleg oppdatert på kva som skjer lokalt og nasjonalt, samarbeid på tvers med dei andre seksjonane, mot politi osv. Arbeidet bør også munne ut i konkrete tiltak som Fritidskontakten bør ha stillingsressurs til å kunne gjennomføre.

- Er mottatt midlar frå KRÅD for å dekke ein 20% stilling som skulle jobbe for å betre samordninga mellom kommune og frivillige lag og org som jobbar direkte mot barn og unge. KRÅD har innvilga 20 000 i prosjektmidlar øyremerkta kompetanseheving. 24. og 25.oktober blir det opne fagdagar med informasjon der ein ønskjer flest muleg deltar. Me ser at ei bygd av vår størrelsesorden har tydeleg potensiale i høve til å kunne bli betre også på den frivillige arenaen og at det burde vært mulig å kunne utnytte lokale ressursar i samarbeid med det offentlege på ein betre måte. Lokale frivillige organisasjonar har alt sett på dagsorden spørsmål om koss motivere og rekruttere unge til å sosialisera og engasjera innan frivillig arbeid når dei lever mykje av sitt sosiale liv gjennom internett/facebook/twitter/mobil osv....?
- Er utarbeidd ein Handlingsplan for SLT arbeidet med 10 prioriterte førebyggjande tiltak som skal gjennomførast her lokalt i perioden 2012 tom 2013.

Ser at det er mange og viktige oppgåver som det i dag ikkje er ressursar til å ta tak i.

**SLT-koordinator/Fritidskontakt for barn og unge bør derfor bli ei 50% stilling.**

Eva Landre Meling  
seksjonsleiar kultur



# Forsand kommune

Seksjon helse og sosial

Mottakarar:

Rådmannen

## INTERNT NOTAT

Saksbeh  
Elsa Løland

Ref.  
12/630-10

Arkivkode  
/K1-150

Dato:  
29.08.2012

### Budsjettkommentarar frå helse- og sosial 2013

#### Konsekvenser i forhold til ramma på kr.26.328:

**Teneste 2412 Legevakt/nødmeldetenesta.** Her har eg redusert utgiftene med ca 600.000 ca 50%. Føresetnadane er at det på rådmannsnivå blir tatt initiativ til ny vurdering av legevaktavtalen jmf mail frå kommuneoverlege. Ca 5% av dei som kontaktar legevakten kjem frå Forsand kommune.

01.01.12 trådte det i kraft ny lov om helse- og omsorgstenester. Det heiter følgjande i § 6-6 om samarbeid mellom kommuner: *Departementet kan pålegge samarbeid mellom kommuner når det anses påkrevd for en forsvarlig løsning av oppgaver innen kommunenes helse- og omsorgstjeneste, herunder gi bestemmelser om hvilke oppgaver det skal samarbeides om og fordeling av utgifter.* Dette burde innebere den reduksjonen som er gjort. Men her er ein ikkje sikker på utfallet.

#### **Teneste 2320. Helsestasjon/skulehelsetenesta**

Her har me lagt til grunn å seie opp avtalen med Strand om jordmortenesta som vi betaler 50% av heil stilling. Ein vil då kjøpe jordmorteneste med ca 20% frå sjukehuset. Dei gravide vil miste følgjetenesta og den oppfølginga jordmor gir gjennom telefon og smsar etter at mor og barn er komne heim. Følgje teneste er ikkje lovpålagt for nokon kommunar i Rogaland i følgje helsesøster. Med dette utgangspunktet er utgiftene til jordmor halvert og dermed redusert med 200.000.

#### **2411 Fysioterapi**

Etter som rom/plassering ikkje har blitt avklara har ein ikkje nytta dei 150.000 til treningsutstyr i inneverande år. Ein har heller ikkje lagt beløpet inn for 2013.

**Teneste 2535.**

På avlastingsbustaden er utgiftene auka som følgje av auka avlasting på enkelte barn. Her aukar behovet i takt med at ungane blir større og meir krevjande for familiarne. Det trengs ekstra ressursar for å kunne gi utvida tilbod. Kostnadane er høge då tilboda fell ofte på helg og helligdag. Her har ein og lagt inn at leiar for ATO/avlastingsbustad blir utvida med 10% på helse- og sosial + 10% på skulen sitt budsjett. Det har vist seg å vera ein uuthaldeleg situasjon å vera leiar i 60%. Det er svært tidkrevjande å følgje opp personalet på 2 fysiske bygg og ikkje minst er det tidkrevjande å ordne med vikarar ved sjukdom/ferie, turnusordningar for godkjenning mm. Det er mange tilsette i små stillingar i Avlastingsbustaden.

**Teneste 2344. Avdeling for funksjonshemma.**

Her er og komme til nye brukarar, som utløyser rett til omsorgstenester. Utløyser overtid i prosjektet, når ein ikkje klarer å skaffe nok vikarar. Utviding av vikarbase blir det imidlertid jobba med kontinuerlig for å unngå mest muleg overtidsbruk. Kostnader til taxi for å frakte brukarane til/frå Avanti er også auka.

**Teneste 2440, 2510 og 2520: Barnevern.**

Budsjettet baserer seg på eksisterande barnevernstiltak som er vedtekne, men gir ikkje rom for nye tiltak. Advokatutgifter vil truleg og bli høgare enn budsjettert. Foreldre som er fråtatt omsorga for barn, kan krevje sakene opp på ny kvart 2. år, og medfører advokatutgifter. I tillegg må ein iblant gjere bruk av psykologar til utgreiing av foreldre. Dette kan føre til sak om tilleggslyyvingar i løpet av året.

**Teneste 2410: Legekontoret**

På legekontoret er netto utgiftene noko auka. Kan kanskje bli mindre etter kvart som ein får fleire pasientar på kontoret si liste. Har alt tatt høgd for å løyse ferieavvikling på anna måte for å unngå så mykje vikarbruk.

Helse- og sosial har 6 ulike tenesteområde, som alle må sjåast på individuelt. Det er ulike fagområde, men i den grad vi kan samhandle og utnytte ressursane på tvers, blir dette gjort. Samla sett ligg helse- og sosial på ramma for 2013 før 3% reduksjon. Innleiingsvis er det grunn til å tru at den dagen vi har på plass ny avlastingsbustad og fått til meir kollektive bustadar for funksjonshemma, vil det føre til éi betre utnytting av personalressurser. I forhold til dei med nedsatt funksjonsevne.

Til orientering har helsesøster meldt at 17 nye barn/unge er flytta til kommunen. Dette gir auka barnetal til oppfølging på helsestasjon og skulehelsetenesta.

Elsa Løland  
seksjonsleiar helse og sosial

## Kommentarar til budsjett 2013 for Forsand Barnehage

Ramma for barnehagen er 10.394.000. Med reduksjon på 3% blir budsjettet på 10.082.

Barnehagen har hatt ein auke på søkjarar i 2012, og reknar med at denne auken kan halde fram i 2013. For å kunne gje plass til alle barn med rett til barnehageplass, ønskjer barnehagen å auke grunnbemanninga med ein stilling i 2013.

Dette kan barnehagen gjere innafor ramma, pga at det er ein nedgang i høve til spesialpedagogisk hjelp. Det ser nå ut til å vere få barn med omfattande behov for hjelp i barnehagen neste år.

Det er samstundes viktig å vere klar over at dette kan endre seg, dersom det kjem nye barn med omfattande hjelpebehov, og barnehagen vil då ikkje kunne halde budsjettramma.

Barnehagen vil redusera følgjande område:

**Bruk av vikar ( reduksjon på 100.000)** (*Ylkipi redusert, men med i budsjettet 2013*)

Konsekvensar ved å kutte i bruk av vikar er mellom anna:

- lågare kvalitet på tilbodet i periodar med høgt sjukefråvær
- auka belastning for dei tilsette ved fråvær
- mindre fleksibilitet og større utfordringar ved ferieavvikling og avspasering for dei tilsette

**Inventar og utstyr (reduksjon på 100.000)** (*Noko redusert*)

Konsekvensar ved å kutte i budsjettet for inventar og utstyr er først og fremst at gammalt og øydelagt utstyr ikkje blir erstatta. Det blir heller ikkje kjøpt inn nytt utstyr, som leiker og pedagogisk materiell.

**Kurs for tilsette (reduksjon på 100.000)** (*Noko redusert*)

Barnehagen ser det som svært viktig med fagleg utvikling. Sentrale føringar og satsingsområde krev at personalet held seg fagleg oppdatert. For kvaliteten i barnehagetilbodet er det viktig at barnehagen har felles kurs for alle tilsette. Det er og viktig for å rekruttere og behalde tilsette, at ein får utvikle seg og halde seg fagleg oppdatert. Felles kurs/seminar for tilsette i barnehagen er viktig for trivselen til den enkelte tilsette, og for det sosiale miljøet i barnehagen.

**Gardsprosjektet (60.000)** (*Ylkipi redusert, men med i budsjettet for 2013*)

Barnehagen har i fleire år hatt eit gardsprosjekt som inneber gardsbesøk to gonger i veka gjennom heile året. Dette er eit bra pedagogisk opplegg, som brukarane er svært nøgde med. Gardsprosjektet vil vere sterkt prioritert i barnehagen ved eventuelle reduksjonar i budsjettet.

## MERKNADER TIL BUDSJETTET – 2013 – FORSAND SKULE

Skulen har ei ramme på kr 24.517. Beløpet er ny netto driftsramme etter reduksjon med 3%.

Skulen har levert eit budsjettforslag med tal innanfor ramma, men har lista nye tiltak/ekstra kostnader separat. Budsjett med tillegg er totalt på kr 26.491.

### BUDSJETT - SKULEN

| Teneste              | Beløp innanfor ramma fordelt på tenestene | Tillegg utover ramma | Totalt pr teneste |
|----------------------|---|----------------------|-------------------|
| 2020 Skulen          | 19.598                                    | 1.100                | 20.698            |
| 2025 ATO             | 2.549                                     | 751                  | 3.300             |
| 2130<br>Vaksenoppl   | 160                                       |                      | 160               |
| 2150 SFO             | 93  | 123                  | 216               |
| 2230<br>Skuleskyss   | 460                                       |                      | 460               |
| 3830<br>Kulturskulen | 1.657                                     |                      | 1.657             |
| <b>Sum</b>           | <b>24.517</b>                             | <b>1.974</b>         | <b>26.491</b>     |

### Teneste 2020 Skulen

Elevtalet aukar i skulen. Me fekk heile 10 nye ved skulestart (norske og minoritetsspråklege). Elevtalet på ATO har dobla seg (nå 4), bruken av SFO i feriar har auka, ungdomsskulen vert satsa på ved innføring av Ny Giv frå januar 2013 og utviding av valfag for 9. klasse frå hausten 2013. Tidlegare år minka det oftast på nokre område viss det auka på andre. Me er nå i ein situasjon der det meste aukar.

### Løn

Lønsumutviklinga for skulen har vore rimeleg god, og det viser godt igjen på utgifter til løn.

Skulen har etter Innsparing 2009 hatt ca 50% av ei lærarstilling i vakans. Me har også ca 50% av ei Barne- og ungdomsarbeidarstilling i vakans. Det hadde me også førre året. Talet på oppgåver me må løysa er aukande. Å ha stillingar i vakans vert meir og meir utfordrande, ja umogleg. Aukande tal på minoritetsspråklege elevar og aukande tal på elevar som treng ekstra tilrettelegging pga faglege og sosiale utfordringar, er årsaka til det. Me ber om å få ta i bruk dei vakante stillingsheimlane. Det vert i så fall ei årleg ekstrautgift på kr 340.000 (lærer) og kr 250.000 (BUA). **Totalt: 590.000 i tillegg (vist som tillegg til ramma).**

Valfag vart innført i ungdomsskulen (8. klasse) frå august 2012. Elevane i 8. klasse kan velja blant 8 valfag. Forsand omdisponerte ressursar (avvikla Landa-prosjektet) og gav tilbod om to valfag hausten 2012. Det er realistisk at det frå hausten 2013 vert gitt tilbod

om 3 valfag (elevane i to klassar vert "fordelt" på 3 grupper) når ordninga vert utvida til å gjelda både 8. og 9. klasse.

Utgifter til nytt valfag (som må dekkast med friske midlar) vert ca 50.000 til lønsmidlar til lærar, kr 50.000 til diverse utstyr/transport og igangsetjing av nytt fag. **Total ekstra kostnad valfag: kr 100.000.** (kostnad utover ramma).

Satsing på ungdomstrinnet - Ny Giv - ekstra opplæring i norsk og matematikk – er planlagt introdusert for 10. klasse frå januar 2013. Det inneber ekstra hjelp kun til dei med aller svakast karaktersnitt til jul (1-2 personar). Gjeld ikkje minoritetsspråklege elevar og elevar med individuell opplæringsplan. Målsetjinga er å hindra fråfall i vidaregåande skule. Kurs på 80 timar i vårhalvåret. Ekstra kostnad: 30.000 pr fag: **Total tilleggskostnad: 60.000,-** Me har ikkje stillingsheimel til å greia Ny Giv.

Minoritetsspråklege elevar: Det aukar på med minoritetsspråklege elevar. I haust kom det 3 nye. Desse 3, samt 7 som har kome tidlegare, har krav på norskundervisning til dei kan fylgja den vanlege opplæringa i klassen. Det tek gjerne fleire år å få dei til eit funksjonelt nivå. Tidlegare, då det kom ein og annan minoritetsspråkleg elev, klarte me å løysa oppgåvene ved å omdisponera ressursar. Nå, når det kjem så mange, er det behov for å be om auke i ramma og stillingsheimel. I 2013 må me bruka 105% lærarstilling til minoritetsspråkleg norskundervisning. Kostnad: kr 690.000. Med auka bustadutbygging er det å forventast auke i arbeidsinnvandringa også. Det fylgjer ikkje tilskot med arbeidsinnvandrarar. Kostnaden er teken med i ramma, men ramma bør aukast pga stigande utgifter til norskopplæring av minoritetsspråklege elevar. Viss den vakante lærarstillinga kunne verta teken i bruk att, ville det hjelpt på situasjonen.

Mange av våre elevar treng ekstra tilrettelegging/tilpassing i undervisninga. Skulen greier å leggja til rette for mykje i den ordinære undervisninga sidan me oftast har to-lærarsystemet i basisfaga norsk og mate, samt i engelsk på mellomtrinn og ungdomstrinnet viss klassane er store. Sidan me har hatt god grunnbemanning, unngår me nokre tilvisingar på spesialundervisning. Ein del elevar har likevel sakkunnig tilråding og enkeltvedtak på spesialundervisning. Prinsippet om tidleg innsats medfører at me tidleg skal setja inn tiltak viss nokon slit. Med så mange oppgåver å løysa i skulen, vil det vera umulig å ha to-lærarsystemet i basisfaga framover. Me har alt måtta ta av to-lærarsressursen for å bruka han på spesialundervisning og minoritetsspråkleg undervisning. Utan auke i ressursar vil elevane i klassane få eit dårlegare tilbod og spesialundervisninga vil auka. Me ber om å sleppa å ha stillingar i vakans (50% lærar og ca 50% BUA) som me fekk pålegg om i Innsparing 2009. Folketalet i bygda aukar, og dermed elevtalet. Då må også ressursane til skulen aukast.

#### Art 1450

Forsand-elevar som bur i andre kommunar må skulen dekkast på til dei går ut 10. klasse. Me må betala opplæringa deira (grunnbeløp) samt spesialundervisning som kan vera både pedagog- og barne- og ungdomsarbeidartimar. Utgiftene for 2013 er pr nå kr 865.000. Så får me refusjon frå annan kommune på kr 177.000. **Total utgift vert**

dermed (875.000 – 177.000) **kr 688.000**. På ein elev har kostnadene stige kraftig og kostnadene årleg vera rundt 600.000 i fleire år framover. Dette bind opp mykje av våre midlar. Kostnaden ligg inni ramma.

Art 1196

IKT: Stadig fleire leverandørar av programvare går over til lisensar med årleg avgift. For kjøpar vert ei slik løysing mykje dyrare enn kjøp. Denne posten vil truleg auka kvart år framover.

### **Andre driftsutgifter**

1151 Personalseminar

På grunn av skuleutviklingsprosjekt i klasseleiing hadde me ikkje planleggings dagar att til å reisa på personalseminar/studietur i fjor. I juni 2013 planlegg me å ta med personalet på studietur til Edinburgh med tema klasseleiing. **Auke i budsjettet i høve til i fjor: Kr 250.000** (vist som tillegg utover ramma).

1150 Kursutgift

Auka utgift pga rektorutdanning for to personar i to (av tre) semester: kr 100.000 (kursavgift BI)

### **Teneste 2150 SFO**

SFO har nå maksimal opningstid. Det gjer at meir av ressursane er knytt opp til SFO, og noko mindre vert til overs til bruk i klassane enn tidlegare.

Auke i opningstida i feriar utgjer omlag 25% stilling til ekstravakter. Me har måtta ha maks opningstid kvar dag. Me tek høgde for noko meir foreldrebetaling inn.

Ein elev har dessutan rett på SFO-tilbod ut 7. klasse (over to budsjettår). Eleven må ha ein del opplegg aleine, noko som fordyrar det for skulen.

**Tilleggskostnad for feriar er kr 123.000,-** (teke med som tillegg til ramma).

### **Teneste 2230 Skyss skulebarn**

Reduksjon i skyssutgifter pga elev med spesialtransport har slutta. Noko auke i utgifter til transport på ATO ved klasseseturar o l. Innsparing kr 90.000.

### **Teneste 2025 ATO:**

ATO har fått to nye elevar. For å få til kabalen, må me bruka 160% fagarbeidar meir i høve til førre budsjettår. Sidan ein elev med ekstra ressurs har slutta skulen, treng me bare ny ressurs på 140%. **Ekstra kostnad 140% BUA: 690.000. Vist som tillegg til ramma.**

Leiarressursen på ATO er på 60% og kostnaden er fordelt på to seksjonar. Ressursen har vist seg å vera for liten når elevtalet er dobla. Me ber om auke i 10% frå seksjon skule (og 10% auke for Helse og sosial). **Ekstrakostnad med auke i leiarressurs for skulen med 10% auke: Kr 61.000** (vist som tillegg til ramma).

## Prioritert rekkefølge av tillegg utover ramma:

|  |                      |
|--|----------------------|
| 1. ATO: Ekstra BUA i 140%:   | Kr 690.000           |
| 2. Skulen: Ta i brukvakant lærarstilling 50%<br>kr 340.000 og vakant BUA-stilling<br>50% kr 250.000: | Kr 590.000           |
| 3. Ny Giv (norsk og mate):   | Kr 60.000            |
| 4. Valfag (lærarløn og utstyr/transport):  | Kr 100.000           |
| 5. Personalseminar/studietur:  | Kr 250.000           |
| 6. Ferievikarar SFO:   | Kr 123.000           |
| 7. Kursavgift rektorutd  | Kr 100.000           |
| 8. Auke i leiarressurs ATO:  | Kr 61.000            |
|  | Totalt: Kr 1.974.000 |

Forslaget vårt er drøfta med FAU-leiar og arbeidsplassstillitsvalt (Utdanningsforbundet).



# Forsand kommune

Seksjon pleie og omsorg

Saksbeh  
Grete Strømsmo

Ref.  
12/630-12

Arkivkode  
/K1-150

Dato:  
11.09.2012

## Budsjettnotat for pleie- og omsorgsseksjonen 2013

### Budsjett 2013, generelt:

Som tidligere år er budsjett bygd opp etter teneste og avdeling.

Dei økonomiske og personellmessige ressursar er komplisert å fordele riktig i ei slik lita verksemd som pleie- og omsorgsseksjonen (PLO).

Frå tidligere år har PLO hatt store budsjettreduksjonar:

- For 2009 ble ramma redusert med 1,5 mill, og vi kom ut det året med eit overforbruk på vel 116 000 kr.
- For 2010 blei resultatet eit underforbruk på 1 551 036 kr. Nettoramma var på 21 684 000 kr.
- For 2011 har seksjonen fått ei nettoramme på 22 600 000 kr, men ble det nedjusterast med ca 1,2 mill opphøyr av kjøp av tenestar

Frå og med 2008 tom 2011 har pleie og omsorgsseksjonen hatt effektivisering/innsparing på 3 960 000 kr.

- For 2012 var ramma 21 354 000, då var det tatt høgde for nedjustering på ca 1,8 mill pga opphøyr av teneste til reesurskrevjande brukar. Ramma vert så oppjustert til 22 700 000 pga kommunal medfinansiering til helseforetak.

Belegget i institusjon har vore svært presserande i periodar for 2012.

Ramma for 2013 er på 23 519 000 kr.

Drifta er stort sett videreført. Det er kutta mykje i kurspotten for å delfinansiera ein 33% sjukepleiarstilling som skal ha fagutvikling/undervisning. Det innber at vi skal ha eit lokalt fokus på utstrakt opplæring og undervisning.

For institusjonstenesta gr 1 og gr 2 , samt heimesjukepleien er det fordelt nattevaktstenesta med 1,18 åv på kvar.

### TENESTE 2531, INSTITUSJON AVDELING 1

| Plassar | Årsverk     | Lønsutgifter | Nettobudsjett |
|---------|-------------|--------------|---------------|
| 7       | 6,26*(+1,5) | 6 587 000    | 6 397 000     |

\* inkluderer 0,5 åv reinhald og 1 åv plo-leiar.

Avdelinga yter tenestar til i all hovudsak pasientar med somatisk sjukdom. Det er her dei fleste med behov for korttids-/rehabiliterings-/avlastningsopphald får sitt tilbod.

**TENESTE 2540, HEIMESJUKEPLEIE**

43

| Ca brukarar | Årsverk     | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|-------------|-------------|--------------|---------------|
| 30          | 7,18*(+0,5) | 5 276 000    | 5 433 000     |

Heimesjukepleien gjer tenestar til dei som bur i omsorgsbustad og "ute på bygda".

\*0,5 åv er sekretærstilling i plo

**TENESTE 2541. HEIMEHJELP/PRAKTISK BISTAND**

| Ca brukarar | Årsverk | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|-------------|---------|--------------|---------------|
| Ca 25       | 3,58    | 2 627 000    | 2 583 000     |

Praktisk bistand/heimhjelp er hjelp til innkjøp av mat, reinhald i heimen samt meir omfattande tenestar som personlig stell som ikkje kjem inn under heimesjukepleien.

**TENESTE 2531, INSTITUSJON AVDELING 2**

| Plassar | Årsverk     | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|---------|-------------|--------------|---------------|
| 7       | 7,31*(+0,5) | 5 915 000    | 5 638 000     |

Institusjonsavdelinga er eit skjerma heildøgntilbod til personar med aldersdemens.

\*er 0,5 åv reinhald.

**TENESTE 2430 VASKERI**

|  | Årsverk | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|--|---------|--------------|---------------|
|  | 1,0     | 550 000      | 529 000       |

Vask av tøy til institusjon, privattøy til bebuarar, personaltøy og eit tilbod til bebuarar i omsorgsbustad.

**TENESTE 2416 ERGOTERAPI**

|  | Årsverk | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|--|---------|--------------|---------------|
|  | 0,5     | 288 000      | 344 000       |

Ergoterapi er i stor grad hjelpemiddelformidling, alt frå kartlegging og søknad, til utprøving. Ergoterapeut skal også vera "på-jobben-veiledar" slik at ein får best mogleg effekt av riktig hjelpemiddel. Dette for å forhindra belastningsskadar for pleiepersonalet.

Det er lagt inn intern kostnad til teknisk seksjon som har ansvar for transportoppdrag i kommunen.

**TENESTE 2632 KJØKKENET**

|                        | Årsverk | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|------------------------|---------|--------------|---------------|
| Ca 40 porsjonar daglig | 2,4     | 1 562 000    | 1 408 000     |

Kjøkkenet lagar all mat til avdelingane, samt middag til utlevering til dei som ynskjer det. Det blir laga mat for sal i kafeen, og det kan bestillast mat til arrangement og møtar.

**TENESTE 2533, FOTPLEIAR**

|  | Årsverk | Lønsutgiftar | Nettobudsjett |
|--|---------|--------------|---------------|
|  | 0,2     | 91 000       | 87 000        |

Fotpleiar er svært etterspurt, og har i nokre høve lang ventetid.

Overføring til helseføretaket er sett til 1 100 000 kr for 2013.

## **2012 er det første år med samhandlingsreforma**

Erfaringa frå det første året har vært både gode og overraskande på mange vis.

Det gode er at vi har tatt hand om dei fleste utskrivingsklare i rett tid. Det overraskande er at dei økonomiske incentiva til kommunane ikkje heng heilt i hop med praksis. Det skulle vere slik at viss kommunen gjorde val om førebygging og tidlig utskriving så skulle det gje økonomisk gevinst. Erfaringa er at dei kommunar som ligg lågare i overføring får redusert rammeoverføringa.

”Pasienten raskt heim-prosjektet” som har medført samarbeidsavtaler med Finnøy, Hjelmeland og Strand har gitt mykje positiv omtale om Ryfylke. Det har ikkje vore noko stort behov for kjøp, men det er viktig at vi har dette handlingsrommet.

Kvardagsrehabilitering er sentralt i samhandlingsreforma som førebyggjande tiltak.

**Vi skulle svært gjerne sett at det blei utvida ramma slik at vi fekk 100% stilling for ergoterapeut med 288 000 kr.**

Kvardagsrehabilitering inneber at vi sett inn ergoterapeut for hab- og rehabilitering slik at vi kan utsette eller forhindre andre tyngre tenestar som heimehjelp. På sikt vil det gje reduksjon av passiviserande tenestar.

Grete Strømsmo

Seksjonsleiar pleie- og omsorg



# Forsand kommune

Rådmannen

Saksbeh  
Årstein Løland

Ref.  
12/630-19

Arkivkode  
/K1-150

Dato:  
10.10.2012

## Seksjon Teknisk - budsjettkommentarar til budsjett 2013.

Driftsbudsjett for seksjonen er levert rådmannen med nettoramme 21.426.128. Dette inneber at budsjettet er skore ned med kr.67.872,- under ramma gitt i rådmannen sitt budsjetttrundskriv. Nettobudsjett 2013, justert for lønssstigning og prisauke, ligg for teknisk sitt vedkomande ca kr.700.000,- under nettoramma for 2012.

Budsjettforslaget er stramt over heile linja, og i tillegg har ein på ny måtta ta ned på posten generelt vedlikehald av bygningsmassen.

Samla sett er budsjettet lagt opp for å nå over dei tenestekområda ein har ansvar for. Ytterlegare kutt inneber at tenestekområde må gå ut.

Kommunestyret løyva for inneverande år kr.500.000,- ekstra til vedlikehald bygg og kr.450.000,- til asfaltering. Kommunestyret sa i vedtaket at desse beløpa skulle tilleggast driftsramma for seksjon teknisk. I levert budsjett til rådmannen har ein ikkje makta å følgje dette opp.

Konkret har seksjonen prioritert å asfaltere vegen til Oaland med den følgje at det står att kr.230.000,- til vedlikehald av bygningsmassen, ref vedlikehaldsmidla kr.500.000,- som kommunestyret løyva for inneverande år.

### Målstyring

Rådmannen har bedt seksjonane plukke ut områder som ein ønskjer å fokusere spesielt på i 2013. Seksjon teknisk ønskjer å prioritere følgjande to område:

#### Oppmåling

Etter at vi har fått på plass eigen oppmålingskompetanse vil vi utføre mest muleg av dette arbeidet sjølve. Dette betyr vesentleg reduksjon i kjøpte tenester eksternt.

#### Auka effektivitet

Vi ønskjer å setja fokus på å bli meir effektive i tenesteproduksjonen samla sett ved seksjonen. Dette gjeld både kortare saksbehandlingstid og betre servise ovanfor innbyggjarar og lokalt næringsliv. Seksjonen vil difor køyre interne seminar i løpet av 2013 med sikte på å oppnå dette styringsmålet.

Årstein Løland  
Plan- og utviklingssjef